

# HYRDINGEN

NR. 5

Oktober 2013

ÅRGANG 55

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## *Sprell levande i Vikebygd*

Sjå side 8

### Sideoversikt

Presten har ordet .....	2
Redaksjonspennen .....	3
Min sang .....	3
Israelstur .....	4

### Prestehjørnet .....

Fellesmøta i Bjoa kyrkje .....	5
Fellesrådet sette møtet på Eintveit .....	5
Jubilantar .....	6
Stemningsfylt mimrefest i Imsland .....	7

### Ei sprell levande gudsteneste .....

Gjevarteneste .....	8
Gudstenester og møter .....	10-11
Barnesida .....	12
Leirar hausten 2013 .....	12



# Presten har ordet

Av sokneprest Harald Eintveit



## «Over de høye fjelde...»

Årleg erklærer Dei Sameinte Nasjonane (SN) det føreståande året som sitt særskilde markeringsår for ei sak eller eit tema som medlemslanda vurderer som svært vesentleg å arbeida med. I 2013 står SN sitt internasjonale år for vass-samarbeid på agendaen. Likevel fekk eg ved dette høvet, med bakgrunn i synet av Besseggen i sommar, lyst til å minna om SN-temaet i 2002: Det internasjonale fjellåret! Verdsorganisasjonens sikte er nemleg ikkje skippertak for dette eine året, men ei stadig påminning om kontinuerleg, medvite og naudsynt lagarbeid gjennom 10-år og vel så det.

Vindafjord og Haugalandet har ein praktfull fjellnatur, og mange veit å setja pris på den.

Dette kjem ikkje minst til uttrykk under jakt og fiske når det lid mot haust. Likevel trur eg at for dei fleste av oss - vindafjordingar eller ikkje - så byggjer det seg lett opp eit særskilt tilhøve til fjellet, og det gjerne ut frå to grunnar: For det fyrste ynskjer me oss av og til vekk frå dei daglege syslane. Når motivasjonen for arbeidet minkar og kjaset frå kvardagen aukar, kan det opplevast som ei frigjering å pakka fjellsekken for å leggja i veg mot høgdene. Der oppe i den menneskeleg urørte naturen går det på nytt an å falla til ro, kjenna at krefter, - paradoksalt som det kanskje høyrest ut i ein energitapande situasjon -, vert oss tilførde og me vert fornya i både sinn og kropp. For det andre er det noko ved fjellet i seg sjølv som dreg oss. Ein treng ikkje vera profesjonell klatrar for å oppleva det. Det ukjende, urøynde og urørte verkar fascinerande og utfordrande på oss. «Undrer meg på hva jeg får å se over de høye fjelde», uttrykte Bjørnstjerne Bjørnson.

For mange står eitt bestemt fjell eller område i ei særstilling. Det kan ha mange årsaker, - frå livet ein hadde som gjørar

i unge år til opplevingar ein fekk under turvandring i solregn. Den tidlegare, no avdøde formannen i Den Norske Turistforeininga, Claus Helberg, fortalte i eit fjernsynsprogram for om lag 12 år sidan at fjellet hans utan tvil var Gaustatoppen i Telemark. Det sa han trass i lang tur- og terrengerfaring frå fjell-Noreg på kryss og tvers. Den særegne fjellformasjonen med panorautsyn over 1/6-del av Noreg på godversdagar hadde nok gjort eit uutsletteleg inntrykk heilt frå han trødde sine barneskø i Rjukan.



I NRK's radioprogram «Naturens verden» for ei tid attende svara rypeprofessoren Johan B. Steen at hans nære tilhøve til fjellet ikkje var knytt til

dei mest kjende, storlagne områda som t.d. Jotunheimen, Snøhetta eller Lyngsalpane, men til eit relativt lite fjellparti med frodig vegetasjon og biotop for skogsfugl i nærleiken av Dovre, der han i omlag 15 år hadde drive forsking på rypene og levesettet deira.

Eg har sjølv eit nært tilhøve til fjellet, - både generelt og spesielt. Når det gjeld det siste, er dette uløyseleg knytt til minne om turar i lag med far min på jakt, fiske og sauesanking i Åkrafjordens flogbratte fjell. Eg er takksam for den meiningsfylte dimensjonen som fjellet gav meg i møte med livet. Den har verka inspirerande og tent som eit incitament til stadig å søkja oppover, - både i jordisk forstand og i overført tyding. Fjellmeteforen har forresten snautt andre enn salmisten betre utnytta i det han ser og sanner: «*Eg lyfter auga mine til fjella. Kvar kjem mi hjelp ifrå? Mi hjelp kjem frå Herren, som har skapt himmel og jord.*» (Salme 121,1-2). Måtte også dette synet, i retrospektiv mot SN's fjellår 2002, få gje oss impulsar til ein forsterka verdi av kva fjellet har å sei.

**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland  
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold  
Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

**SOKNEPRESTANE:**  
**Soknepresten i Ølen**  
Johannes Nedrelid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 41 Faks 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedrelid@  
vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

**Soknepresten i Skjold**  
Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,  
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89  
Tlf. 53 65 57 94  
Mobil: 932 45 645  
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes  
Tlf. 53 65 57 96

**Soknepresten i Vikedal**  
Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Mobil 413 25 280  
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

**Organistar:**  
Juri Kotkovich: 416 46 183  
Nelly Kotkovich: 948 23 044

**Haugaland Prosti:**  
Pb. 612, 5501 Haugesund  
Tlf 52 80 95 00  
Prost Norodd Stavenjord  
Mobil: 97 76 57 18

**Prostiprest Einar Andreassen:**  
Mobil: 971 08 788

**Kyrkjeverja i Vindafjord:**  
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 53 65 57 93  
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

**Soknerådsleiarar:**  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Rakel Årak  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjoa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Ottar Krakk


Av Arne Borgemyr

Det er haust, og me får meir tid til å vere inne om kveldane og setje oss ned med ei god bok.

Ein har sagt: "Sei meg kva du les, og eg skal seie deg kven du er". Eg har og hørt ein seie at livet er for kort til å lese gode bøker, han hadde bare tid til å lese dei beste! Kva tar me oss tid til å lese?

Me bruker ord til å kommunisere med kvarandre. Orda kan formidle tankar, kjensler, verdiar og haldningar. Ord kan bli til bøker. I 2011 kom ei gammel bok ut i ny omsetjing. Ja, eg siktar til Bibelen, som er den mest selde boka i verda. Den vert også kalla "bøkenes bok". Her kan me lese at dei heilage skriftene kan gje oss visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus. Det skulle vere ein god grunn for å ta fram Bibelen frå bokhylla, ny eller gamal omsetjing - og setje seg ned og lese!

Så kjem det ut mange gode bøker som forklarer Bibelen sin bodskap. Særleg viktig er det at borna våre får høre om Jesus. De foreldre og besteforeldre kan tenke på dette når de har høve til å lese for barna. Dei vil gjerne høre. Og før me veit av det, er det jul. Då kan ei god, kristen bok vere den rette gava både for store og små. Lukke til med lesinga!



# Min sang

Av: Siv Heidi Sigereth Eidsheim

**Namn:** Siv Heidi Sigereth Eidsheim

**Fødd i** Molde i 1970

**Bur i** Ølensvåg med mann og tre

**born i alderen** 9 til 17

**Lærar på** Lundeneset vgs siden 1994



## Med blikket festa på Jesus

Tekst: Hans Johan Sagrusten / Melodi: Gunnar Melbø

1. Hald blikket festa på Jesus  
når du med Peter er langt ifra land.  
Når alt ikring deg er stormvær,  
og du går under, lyft blikket mot han!

*Hald blikket festa på Jesus,  
for Jesu øye er festa på deg!  
Han ser di fortid og framtid,  
han kjenner vegen du går steg for steg.  
Hans hjarte bankar i kjærleik til deg,  
han gjer deg sterke, og han stor din steg.  
Han gjev deg kall til å vandre din veg  
med blikket festa på Jesus.*

2. Hald blikket festa på Jesus  
når alt ikring deg vil vende det bort.  
Hald blikket festa på krossen,  
lat auga fyllast med det han har gjort.

3. Hald blikket festa på Jesus,  
så vender Frelsaren blikket ditt ut  
mot folkemengda som ventar,  
som stundar etter den levande Gud.

Jeg kommer stadig tilbake til en fortelling jeg hørte på leir da jeg var barn. Tenk deg at du går på ski over et is- og snølagt vann uten oppkjørte spor. Hvis du ser ned på skiene dine hele veien over isen, vil du etterpå se at sporene dine vingler frem og tilbake. Hvis du i stedet fester blikket ditt på et tre på den andre siden av isen, vil skisporene dine bli helt rette.

Dette kan sammenlignes med vår vandring gjennom livet. Vi har så lett for å se ned og mister dermed målet av syne. Vi går gjerne omveier som blir lengre enn nødvendig fordi vi tror vi vet best selv.

Denne sangen minner meg på at uansett hvor jeg er i livet, så kan jeg feste blikket på Jesus. Når jeg som Peter føler at jeg er ute i hardt vær og

kjenner at jeg synker. Eller når hverdagens tjas og mas stjeler all tid og oppmerksomhet fra det viktigste. Eller når jeg føler at jeg bare feiler og faller. I alle situasjoner kan jeg få feste blikket på Jesus.

Det beste er vissheten om at selv om jeg glemmer å ha blikket på Jesus, så mister ikke han meg av syne. Han ser meg og omgir meg og tilgir meg – igjen og igjen og igjen. Derfor kan jeg med frimodighet møte en ny dag og nye utfordringer på veien til målet – himmelen!

**Hebrerne 12,1b-2a:** *Så la oss legge av alt som tynger, og synden som så lett fanger oss inn, og med utholdenhets fullføre det løpet som ligger foran oss, med blikket festet på ham som er troens opphavsmann og fullender, Jesus.*

# Prestehjørnet

*Hyrdingen har tradisjonelt hatt mykje stoff frå sokneråd og lekfolk om arbeidet i kyrkjelydane. Redaksjonen ynskjer nå å utfordra prestane på å ta opp spørsmål som folk lurer på og som dei finn det viktig å gi informasjon om. Først ut er sokneprest Jon Ådnøy med tankar rundt grayferd (redaktøren).*

## Gravferda

av sokneprest Jon Ådnøy

### Skal kista senkast heilt ned?

Ja. Ordninga for gravferd seier at ”kista skal som hovudregel senkast heilt ned.” Og at jordpåkastinga – tre skuffer med jord – som hovudregel skal skje etter at kista er senka.

Men er det så vått at det står vatn i grava, er det vanleg at kista ikkje blir sett heilt ned. Ordninga opnar òg for at ein lokalt kan ha jordpåkastinga rett før kista blir senka. Er det kuling og regn, eller snøfokk og hálke, og dei nærmaste har vanskeleg for å vera med på jordpåkastning ute, kan dette skje i kyrkjerommet.



Kyrkjegarden i Vikebygd.

### Forlata den døde

På stader med krematorium blei det før nokre tiår sidan vanleg at folk gjekk ut av kapellet medan kista ennå stod framme. Frå kyrkjeleg hald blei det innskjerpa at det blir feil: Det er den døde som skal forlata oss. Ikkje omvendt.

I byane blei det og vanleg å forlata kista medan ho stod på plankar eller senkeapparat over den opne grava. Eit argument var at det kunne gjera så vondt å sjå kista forsvinna. I dag seier både kyrkja og fagfolk som har greie på sorgprosesser at kista absolutt bør senkast

medan folk er på plassen. Særleg for dei som stod den døde nærmast ligg der ein smerte i det faktum at det er slutt. Om ein kan henda sparte seg for ein smerte på gravkanten ved ikkje å senka, kjem ein ikkje utanom sorga.

Ein periode hende at senkeapparata brått kunne sleppa kista i botnen med ein smell. For å sleppa slikt valde somme å ikkje senka. I Vindafjord er senkeapparata til å lita på. Andre stader løyste dei problemet ved å setja vekk senkeapparata og bruka tau i staden.

### Mold, ikkje sand

Somme stader begynte dei å bruka finsikta sand til jordpåkastinga. Så slapp ein lyden av småstein eller klattar med mold mot kisteloket. I dag er dei fleste samde om at det må vera mold. ”Av jord er du komen”, står det på side 2 i Bibelen (1. Mosebok 2, 7).

Ordning for gravferd:  
[www.kirken.no](http://www.kirken.no)

# Planar om kyrkjelydstur til Israel

Av Johannes Nedrelið

**Sokneråda i Ølen og Bjoa planlegg kyrkjelydstur til Israel og dei palestinske områda i haustferien 5. til 14. oktober 2014.**

Alt er ikkje klart endå. Vi er i starten av planlegginga og vonar å få til ein tur for ca 25 personar. Turen blir i samarbeid med Fokus Reiser. Omtalen av turen kjem alt no, slik at den kan bli teken inn

i planane dykkar for 2014.

Vi vil besøke mange av dei kjende stadane i Israel som Nasaret, Kapernaum, Tiberias, Genesaretsjøen, Jerusalem og Dødehavet. Vi vil der vere innom både Qumran (der ein fann gammeltestamentlege tekstar i 1947) og ein fin stad der ein kan bade.

Søndagen satsar vi på å vere i Betlehem med besøk i palestinsk luthersk gudsteneste, besøke fødselskyrkja og vere på hyrdemarkane. Vi har lagt opp til

å bu både i Israel og i dei palestinske områda. Når vi er i nord, bur vi i Tiberias, og i sør bur vi i Betlehem.

Utanom å sjå dei kjende stadane vil det vere tid til bading, fritid og til shopping både i Jerusalem og Betlehem.

Vi vil kome tilbake med endeleg program og prisar m.m i nr.1-2014. Då blir det høve til å melde seg på turen. Dei som bur i Bjoa og Ølen sokn blir gitt priorititet, men dersom den ikkje blir fullteikna, kan og andre melde seg på.



# Fellesmøta i Bjoa kyrkje

Av Elin Gjerde, Bjoa

3.-8. september var det felles møteveke med Håkon Fagervik m/team i Bjoa kyrkje. Det var godt å oppleva at kyrkja vart fyllt opp av folk frå alle nabobygdene kveld etter kveld. Denne møteveka var eit samarbeidsprosjekt mellom kristne lag og organisasjoner i Ølen, Ølensvåg og Bjoa. Ein komite med representantar frå alle lag hadde fleire planleggingsmøter over fleire månader.

Håkon Fagervik hadde ei enkel og klar Jesusforkynning gjennom tale og song, som han utdjupa med vitnespyrd frå eit langt liv som kristen/evangelist. Talane til Håkon Fagervik er alltid prega av at han har eit spesielt nært avhengighetsforhold til Jesus. Og at han lever tett på Jesus i sitt bønneliv. Så også denne gongen. Me vart alle utfordra til å leva så tett på Jesus at me kan lytte til hans stemme og tørre å leve ut det livet han kallar oss til.



Desse var med i team under fellesmota. Fra v.: Thomas fra Trondheim, Ruth fra Froland, Jenny fra Trondheim og Paul fra California.

Teamet hans deltok kvar kveld med levande vitnespyrd bl. a. om helbredelse og gjenoppretting. Kvar kveld blei det invitert til forbøn framme ved alterringen mot slutten av møtet. Me opplevde eit sterkt Gudsnavær både i møtene og i forbønnsstenesta. Etter ei tid med forbøn blei det servert kaffi og kaker. Mange stoppa igjen og prata saman over ein kaffikopp.

Søndag foremiddag talte Fagervik på gudstenesta i Ølen. Kvar foremiddag frå kl 10-12 var det praktisk undervisning om bønn på Kyrkjeturnet. Teamet var på skulebesøk på Lundeneset vidareg. skule og på Bjoa. Elevane ga god respons. Laurdag foremiddag, under Sjoardagen i Sjoargata deltok Håkon med song og inviterte til møte på Bjoa om kvelden.

## Fellesrådet sette møtet på Eintveit

Av Steinar Skartland

**Dei møtast til vanleg på Rådhuset, men ikkje tysdag den 20. august. Då reiste medlemmene i kyrjelege Fellesråd ut av kommunen og til nabofylket.**

Inne på Teigland i Åkrafjorden låg ein båt klar og venta. Sokneprest Harald Eintveit kunne ynska velkommen om bord til ein guida rundtur på fjorden i den flotte kvelden. Etter kvart hamna båten til kai på 'hi sio' og dei kyrjelege representantane kunne vandra oppover stigen til garden Eintveit der Harald Eintveit hadde vakse opp. Her hadde han invitert til å ha det første møtet denne hausten.

Huset på det gamle gardstunet var flott pussa opp, og soknepresten kunne gje ei god orientering om historia til både denne garden og nabogardane. Nå er det ingen som bur her fast, men husa vert nytta til fritid og avkopling på mange av gardane her. Ja, og så sauene på beite borte på Bjelland.

I sokneråda nyttar mange av fritida si til teneste for kyrkjelydane. Derfor var ei ekstra oppmuntring og glede at ein denne gongen kunne flytta ut av det formelle og



oppleva flott natur og eit godt måltid i saman, før rådet gjekk over til å handsama dei formelle sakene i møte på Eintveit.

Kyrjelege Fellesråd i Vindafjord er kyrkjelydane sitt organ på den måten at medlemmene av fellesrådet blir valde av og mellom dei som er innvalde til soknerråda i kommunen. I Vindafjord er det ein representant frå kvart av dei 8 sokneråda, ein representant frå kommunestyret og sokneprest Harald Eintveit som er pros-

ten sin representant. I tillegg møter kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit. Leiaren vel dei sjølv for eitt år om gangen. Nå er det Leiv Kasten Medhaug som er leiar i Fellesrådet og leier drøftingane i saker om m.a. kyrkjebrygg, gravplassar, stillingar og økonomi på ein stødig og god måte.

Vi takkar sokneprest Harald Eintveit og kona hans, Norun Marie, for ein flott kveld med tur på fjorden og samvær med middag på Eintveit.

# Jubilantar



**50-års konfirmantar i Skjold:** 1 rekke frå v: Kari Time, Marit Rein Time, Johanne Byrkja Jacobsen, Svanhild Knutsen Vannes, Marta Bjørkheim Stople, Lilly Moldesæter Skår. 2 rekke: Else Langelandsvik Frøyland, Kjellaug Håkull Hellvik, Oddrun Olsen Borresen, Gurid Flæte Øygard, Magnhild Olsen Knutsen. 3 rekke: Kristian Våg, Tor Vik, Hans Egge, Gustav Frøyland, Severin Breivik, Otto Langeland, Svein Kristian Aksdal, Arvid Vestvik, John Eikanger

## 50-års konfirmantar i Ølen



## 60-års konfirmantar i Ølen



**Av Leiv Karsten Medhaug:** 15. september var mange av 50- og 60-årskonfirmantane jubilantar og med ved gudstenesta i Ølen kyrkje. Jubileet vart feira med middag, dessert og kaffi på Ølen Gjestegard. Mange gode minne vart trekt fram frå gamledagar.

### Frå venstre:

1. Johannes Berge
2. Vigdis Eldholm Strømsvold
3. Solveig Marie( Utkilen ) Bakken
4. Eva Windsand Vestre
5. Marta Johanna Hovland Withbro
6. Anne - Margrethe Eidhammer
7. Bodil (Berge) Kristiansen (Står framme i raud jakke)
8. Torhild Hundhammer
9. Valborg (Frønsdal) Saltnes
10. Anna (Frønsdal) Ersland
11. Marta Marie (Berge) Åsbø
12. Torhild Ingebjørg Lid Flatråker
13. Liv Søndenå Ottosen
14. Kirsten Bakke
15. Sokneprest Johannes Nedrelid

### Frå venstre:

- 1 Einar Berglund
- 2 Johannes Heggebø
- 3 Oddmund Lied
- 4 Mattis Gravelseter
- 5 Gurine Økland Viland
- 6 Ingrid Elise Hundhammer Hustvedt
- 7 Lillian Malene Vestbø
- 8 Målfrid Hustveit

Haldis Handeland var ikkje med på bilde i kyrkja, men var med på Gjestegarden.

# *Stemningsfylt mimrefest*

Av Harald Eintveit

Sundag 8. sept. innbaud sokneråda i Imsland, Vikedal og Sandeid til gudssteneste i Imsland kyrkje, der årets gullkonfirmantar var særskilt inviterte. Kyrkja, som var pynta til fest, var så å seia

fullsett. Siri Ilstad vart døypt og både årets konfirmantar og gullkonfirmantane vart presenterte. Etter gudstenesta samlast sistnemnde til flott fest på Imsland bygdehus, der det vart lagt opp til eit variert program med song, musikk, skjemi og alvor, i tillegg til ein kulunarisk rett

av ypparste slaget. Stemninga, som var merkbar langt utanfor festlokalet, fekk oss til å tru at heidersgjestene kosa seg på denne jubiléumsdagen.

Her ser me 50-årskonfirmantane oppstilte i finveret.



## *Vikedal*

Guri Bjørg Bjørnsen Omdal, Marit Vikedal Klinge, Kjellaug Bakkedal Birkeland, Arne Martin Bakkedal, Sigrid Selstrand Nerheim, Øyvind Jørg Terje Ness, Johanna Stølsmark Sværen, Berge Kjell Opsal, Arne Flydal, Gunn Åshild Saua Hellesøe, Ingvald Nybru, Karen Marie Vormestrond Sandvik, Osmund Andreas Øverland og Lars Sigmundstad. (Foto: HE).



## *Sandeid*

Leif Økland, Ingebjørg Furseth Gullbrandsen, Ingvard Meland, Ingrid Vestbø Andersen, Knut Inge Tokheim, Haldis Grønnestad Alsaker, Eirik Havrevold, Marit Steine Helland, Arve Bakkedal og Endre Stople. (Foto: HE).



## *Imsland*

Fr. v.: Åsa Kvaløy Holte, Sigrun Johanna Krokedal Nilsen, Karl Aksland, Helga Larsine Andersen Årstad, Marta Rønnevik Assbjo. (Foto: HE).



## *Vikebygd*

Åge Øvrevik, Stein Anton Hetland, Kitty Hjartnes Henjum, Johannes Børteit og Gunnar Birkeland

# Ei sprell levande gudsteneste

Det vart ein flott kyrkjesundag i Vikebygd den 22. september. Med 50-årsjubilantar, barnekor og ein prest i bandasjar. Det var hausttakkefest i kyrkja. Laurdagsklubben, fireåringane, konfirmantane og 50-års jubilantane feira i lag. Dei som var fire år hadde vore i kyrkja alt dagen før og var husvarme. I gudstenesta fekk dei nå koma fram og få barnebibelen. Dei andre borna hadde vore på Laurdagsklubben og øvd. For denne søndag fekk dei framføra fleire flotte songar, heilt fremst i kyrkja.

Framme i kyrkja stod også litt av jorda si grøde, bore inn av borna i inngangsprøsesjonen bak Vilde som bar krossen. Ei kiste stod i midten der framme. Kva var det i den? Borna samla seg spente rundt då Britt Karstensen skulle sjå kva som var oppi. Her var bandasjar! Presten hadde litt vondt her og der, og måtte bandasjerast.

Bibelteksten var om nokre menn som var sjuke. Spedalske, var dei visst. Så kom dei til Jesus og bad om hjelp, og han gjorde dei friske. Men berre ein av dei huska på å koma tilbake for å takka. Han fortalte om det som hadde hendt, og då kom det mange folk for å sjå Jesus. Born og vaksne i kyrkja fekk vera med i handlinga.

Det vart ei gudsteneste som både borna og dei vaksne nok kjem til å huska. Ei sprell levande gudsteneste der alle vart inkluderte. I bønevandringa fekk alle vera med på forskjellige handlingar rundt i kyrkjerommet. Tenna lys, skriva bønelappar, lima bilet på eit ark, motta velsigninga og krossteiknet i handa eller leggja si gåve i offerkorga. Jubilantane måtte fram og bli presenterte, og det heile slutta av med kyrkjesaft og kaker i midtgongen. Og var der vaksne som ikkje likte saft så fekk dei kaffi.

## 50 års jubilantane for konfirmasjonen i Vikebygd 1963

Dei var i alt 10 konfirmantar. Dei som deltok ved markeringa i kyrkja 22. september var: Åge Øvrevik, Stein Anton Hetland, Kitty Hjartnes Henjum, Johannes Børteit og Gunnar Birkeland. (Sjå biletet side 7).



## Gjevarteneste Trusopplæring for alle

Du kan gi di gåve til trusopplæring blant barn og unge i Vindafjord til konto 3240.07.61573. Dersom du vil melde deg som fast gjevar kan du gjøre det til gjevarteneste@gmail.com el. til Oddbjørn Mangrud tlf. 98253948. Gåver gjev rett til skattefrådrag, under føresetnad av at du oppgir ditt fødselsnummer.”



# ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vi er en  
del av NLMvgs



Vi er en  
del av NLMvgs



**Knaphus**   
Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

**Knaphus**   
Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

**SpareBank**  
SR-BANK 



**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



**Primærtjenesten Bjoa AS**

**Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted**

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



**Ølen Blomster**

Tlf. 53 76 88 35 • [www.olensenter.no](#)



## GRAVSTEIN



Se vår store  
utstilling, eller ring  
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

**Skattkjær Skiferindustri as**

**Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90**

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30

Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

### Isvik bedehus

NMS Misjonsmesse for Skjold og Vats fredag 15. og laurdag 16. november. **Fredag:** Misjonsfest kl. 19:00. Festtalar prost Norodd Stavenjord. Song av Nye Røster. Varmrett, åresal m.m. **Laurdag:** Familietime kl. 11:30. Andakt v/ Hanne H. Brekke. Song av Vats Miniklang. Kafe og åresal. Sal av handarbeid og heimebakst etter famileitimen. Åretrekning og hovudtrekning.

### Møteplan for Innbjoa bedehus hausten 2013

**BARNEKORET:** 4 år og oppover onsdag - oddetal Kl. 17.00-18.00, 06.11., 20.11., 04.12.

**MINI-CREDO:** 2.-3.kl, onsdag - partal, Kl. 17.30 – 19.00. 29.10., 12.11., 26.11., 10.12.

**CREDO:** 4.-7.kl, fredag-oddetal, kl. 17.30-19.15 01.11., 08.11., 22.11., 06.12.

**THEMELIO:** Ungdomsk./vid.g.sk, fredag - oddetal, kl. 19.30. 01.11., 08.11., 22.11., 06.12.

**BÖNNEMØTE:** Onsdag - oddetal, kl. 18.00, 06.11., 20.11., 04.12.

**ONS DAGSMØTE:** Kl. 19.30 - partal, 30.10. Elin/Odd Møte med Kåre Johan, 13.11. Gunnar - Misjonsmøte **Songkveldar i Bjoa kyrkje saman med misjonsmenigheten 24.11.** Møte på Innbjoa bedehus v/Kåre Johan Hamre 30.10. kl. 19.30. Fellesmøte med Vikebygd på Vikebygd bedehus 28.11. kl. 19.00.

### Øvre Vats bedehus

Møte søndag 20. okt. kl. 19:30. Besøk frå Nepal av Joseph Soren, gen.sekr. for den evangeliske lutherske kyrkje i Nepal. Jan Magne Moi er med. Kollekt. Normisjonen.

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>25. oktober</b>			<b>Ølen kl. 20.30</b> Ungdomsgudsteneste Takkoffer: Bibelmisjon. Bibelselskap. Kyrkjekaffi
<b>27. oktober</b> Bots- og bønedag Luk 15, 11-32	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Gudsteneste Dåp Takkoffer: Diakoniarbeidet	<b>Vikebygd kyrkje kl. 11.00</b> Takkoffer: Orientmisjonen <b>Skjold kyrkje kl. 17.00</b> <b>G-17 gudsteneste</b> Nattverd Takkoffer: Institutt for sjelesorg	
<b>2. november</b>			<b>Ølen kyrkje kl. 16.00</b> Minnegudsteneste. Takkoffer: KIA Rogaland
<b>3. november</b> Helgemesesundag Luk 6, 20-23	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse Me minnest dei døde. Nattverd Takkoffer: Diakoniarbeidet	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Me minnest dei døde Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Bjoa kyrkje.</b> Høgmesse. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid Kyrkjekaffi.
<b>10. november</b> 25. s. i treeiningstida Johs 5, 1-15	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Gjestepredikant Roar Vik. Takkoffer: NMS. Nattverd	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Speidargudsteneste Takkoffer: Speidararbeidet	<b>Ølen kyrkje kl 16.00.</b> Familiegudsteneste. Bibel til 4-åringar. Takkoffer: Kyrkjelydspedagog
<b>17. november</b> 26. s. i treeiningstida Luk 13, 10-17	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Trusopplæringsarb.	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Speidargudsteneste Takkoffer: Speidararbeidet <b>Vikebygd kyrkje kl. 17.00</b> Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Søndag for dei forfølgde Nattverd. Takkoffer.
<b>24. november</b> Domssundagen/Kristi Kongedag Johs 9, 39-41	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse Dåp. Nattverd Takkoffer: Trusopplæringsarb.	<b>Skjold kyrkje kl. 17.00</b> <b>G-17 gudsteneste</b> Nattverd Takkoffer: Normisjon	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
<b>1. desember</b> 1. sundag i advent Matt. 21, 1-11	<b>Imsland kyrkje kl. 17.00</b> Ljosmesse Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet Konfirmantane tek del.	<b>Vats kyrkje kl. 19.00</b> Lysmesse Takkoffer: Trusopplæringsarbeid i Vindafjord	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Lys-våkengudsteneste. Biblar til 5. klasse. Dåp. Takkoffer: Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Ecuador
<b>8. desember</b> 2. sundag i advent Johs. 14, 1-4	<b>Vikedal kyrkje kl. 17.00</b> Ljosmesse Takkoffer: Konfirmantarb. Konfirmantane tek del.	<b>Skjold kyrkje kl. 19.00</b> Lysmesse Takkoffer: Korps/b.ungdarb	<b>Bjoa kyrkje kl. 11.00</b> Familiegudsteneste. Konfirmantane deltek. Takkoffer: Misjonsprosjektet i Kina. Kyrkjekaffi.

*“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)*

www.hydingen.no



Neste nr. av Hyrdingen er  
**12. desember.**  
Frist for innlevering er  
**18. november.**

# MØTER OG KUNNGJERINGER

## Vikedal bedehus

Basar/julemesse 09.11. frå kl. 13:00-17:00.

Loddsal, åresal og sal av mat. Julemesse har mykje fint og nyttig, m.a. handarbeid frå Madagaskar. Tale: Misjonærane Inger Johanne og Jens Stangeland. Song av ekteparet Siv og Børst Erik Ulvang frå Tysvær. Arr. NMS Misjonsgruppe i Vikedal

## Vikebygd bedehus

- 31. okt.: Føremiddagssamling v/Else og Kjell Alsaker
- 2. nov.: Lørdagsklubb kl. 15:30
- 7. nov.: Tripp-Trapp kl. 11:00
- 14. nov.: MØTE Gideon kl. 19:30
- 16. nov.: Lørdagsklubb kl. 15:30
- 30. nov.: Lørdagsklubb kl. 15:30
- 5. des.: TRIPP-TRAPP kl. 11:00
- 12. des.: BEDEHUSET. Adventsmøte kl. 19:30

## Vågen bedehus

Onsdag 23.10 Bønnemøte

Søndag 27.10 Søndagskaffi kl.16:00

Onsdag 30.10 Bønnemøte m/tema nytt bedehus

Fre. 1.11 – Søn. 3.11 Møtehelg

Onsdag 6.11 Bønnemøte

Søndag 10.11 Søndagsmøte v/ Norsk Gideon

Onsdag 13.11 Bønnemøte

Søndag 17.11 Søndagsmøte

Onsdag 20.11 Bønnemøte

Lørdag 23.11 Julemesse på *Bygdasenteret*

Søndag 24.11 Søndagsmøte. Tale v/ Jens Tveit

Onsdag 27.11 Bønnemøte m/tema nytt bedehus

Lørdag 30.11 Bokmesse IMS

Søndag 1.12 Søndagsmøte. Tale v/ Kørner Høie

Onsdag 4.12 Bønnemøte

Søndag 8.12 Adventsmøte

Onsdag 11.12 Bønnemøte

Søndag 15.12 Søndagsmøte

## Eldretreff

Nedre Vats helselag arr.: Eldretreff på Vindafjordtunet  
Søndag 1. des. kl. 15:30. Andakt, song og kaffikos

## Takk for gåva til Sandeid kyrkje

Fra Arne Hårde sin begravelse på kr.8935.  
Sandeid sokneråd v/Rakel Årak

## Kyrkjjetunet Ølen

- 24.10 Møte kl. 19:30. Gunnar Hamnøy
- 25.10 Klubb 5. -7. klasse kl. 18:00
- 27.10 F-16 kl 16.00
- 31.10 Mannsforum kl. 19:00. Per Molland kåserar om Per Sivle.
- 02.11 NMS si misjonsmesse kl 10 (?)
- 07.11 Torsdagstreff kl. 11:00
- 08.11 Klubb 5. -7. klasse kl. 18:00
- 09.11 Laurdagssseminar v/Alise Suhrlund, Ola Ohm og Magnhild Moe kl 10.00
- 22.11 Klubb 5. -7. klasse kl. 18:00
- 24.11 F-16 kl 16.00
- 05.12 Torsdagstreff kl. 11:00
- 06.11 Klubb 5. -7. klasse kl. 18:00

## Blikrabygda bedehus

Bønnemøter 5. nov. og 7. des. kl 19:30  
Basar 23. november kl 1400. Talar: Jens Tveit

## Øvre Vats bedehus

- 24.10 Temasamling kl. 19:30
- 6.11 Indre Sjømannsmisjonen kl. 19:30
- 9.11 Ukrainakveld, Open Heart, Terje Rygg kl.18:00
- 21.11 Temakveld kl. 19:30
- 27.11 Normisjon kl. 19:30
- 7.12 Juleverkstad kl. 12:00

## Kårhus bedehus

25.10 kl. 19:00 Nedre Vats helselag har basar  
20.11 kl. 19:30 Møte Samemisjonen

# FRÅ KYRKJEBOKA

## VIKEDAL

### Døpte:

- 11.08. Leah Matre Maage
- 15.09. Ella Bakkedal
- 15.09. Liva Nesheim Sandvik

### Vigde:

- 31.08. Inga Elise Haugland og Nils Erik Eide

## IMSLAND

### Døypte:

- 08.09. Siri Istad

### Døde:

- 17.08. Anna Kristine Fjetland f.1931
- 23.08. Leiv Reikerås f.1932

## SANDEID

### Døypte:

- 18.08. Ruben Apeland Skarpeid
- 18.08. Emma Rørheim
- 01.09. Nikolai Aasbøe Andersen
- 22.09. Ingrid Linnea Helgevold Bang

### Vigde:

- 07.09. Hege Veland og Geir Harald Skeie

### Døde:

- 17.08. Arne Johannes Hårde f.1920
- 03.09. Anna Elisabeth Aarak f.1928

## VIKEBYGD

### Døde:

- 12.08. Henny Paula Bjordal f.1942
- 28.08. Borghild Erdal f.1915
- 02.09. Sverre Birger Bjørgen f.1939
- 09.09. Ruth Nordbø f.1926
- 12.09. Sverre Steinar Sjo f.1945

## SKJOLD

### Døypte:

- 18.08. Marthine Skogen
- 18.08. Leona Strand Skau
- 18.08. William Langeland Eigestad
- 24.08. Benjamin Mæland Nonslid
- 29.09. Solveig Haugen
- 29.09. Kristoffer Brekke

### Vigde:

- 17.08. Johannes og Camilla Lothe Hatlestad (Velsignelse)
- 24.08. Britt Synnøve Mæland og Ole Johan Nonslid

### Døde:

- 17.09. Gunvald Bakke f.1928

## VATS

### Døypte:

- 08.09. Karoline Lærdal
- 22.09. Sigrid Haraldseid
- 22.09. Alvilliam Eidhammer Solvær

### Vigde:

- 28.09. Veronica Heggland og Nils Ingve Stokland

### Døde:

- 16.09. Karine Hansen f.1919

## ØLEN

### Døypte:

- 08.09. Lorents Bakke Lunde
- 15.09. Peder Martinius Heggebø-Gausvik

### Døde:

- 22.08. Johanna Eide
- 24.08. Jostein Oddbjørn Lunde
- 10.09. Hjørdis Synnøve Eikeland
- 18.09. Gerd Ingrid Eide

## BJOA

### Vigsle

- 05.10 Anne Lise Brekke/  
Lars Arne Lien

# BARNAS SIDE




Fargelegg  
Adam og Eva  
i Edens hage!

## Fargelegg

Tegning: Asbjørn Tønnesen

## Finn fem feil


De to bildene er nesten like. Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Tegning: Asbjørn Tønnesen

## Prikk til prikk

Tegn en strek fra  
1 til 2 og så videre.  
Hva skjuler seg her?



## Indremisjonssamskipnaden Leirar hausten 2013

### BRANDØY:

#### Tenhelg

1. - 3. november. 8. - 10. klasse.

#### Dugnadshelg

for heile storfamilien. 8. - 10. november

#### Hausttreff

15. - 17. november. 10. kl. og oppover

### Miniadventshelg

30. nov. - 1. des. 2. - 4. klasse

### Adventshelg

6. - 8. desember. 5. - 7. klasse.

### HELGATUN:

#### Haustkonferanse

for heile storfamilien. 1. - 3. november

### Før julshelg

2. - 4. kl. og 5. - 7. kl. 22. - 24. nov.

### Ungdomshelg

6. - 8. desember. 8. kl. og oppover.

### Påmelding:

Indremisjonssamskipnaden  
Tlf. 53 41 07 04 / post@indremisjonen.no

[www.indremisjonen.no](http://www.indremisjonen.no)